



ÅRDAL TURLAG



Nordre Dyrhaugstind

ÅRSMELDING 2024

Styret i Årdal Turlag 2024

Leiar	Sonja Hestetun	På val i 2024 (kvart år)
Nestleiar	Helge Rørvik	På val i 2025 (kvart 2. år)
Kasserar	Sølvi Hatlevoll	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Anders Lindborg	På val i 2024 (kvart 2. år)
Styremedlem	Cecilie Holst	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Frank Øyre	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Inge Seglem	På val i 2024 (kvart 2. år)
Varamedlem	Odd Einar Frostad	På val i 2024 (kvart år)
Varamedlem	Kristin Hestetun	På val i 2024 (kvart år)

Undergrupper

Barnas Turlag

Fjellsportgruppa
Mosjonsskulen
Årdal Gålag
FTU

Anne Mikalsen Steinheim
Tonje Lund Tufte
Lene Haglund
Mona Holmefjord
Lena Nyheim Igari
Astrid Øvstetun
Martin Walderhaug
Jorunn Haug Johansen
Gunvor Nordås
Trine Hestetun

Nemder og utval

Revisorar

Bjørn Lindland

Valnemd

Hans Otto Tråi

Støls-og topptrim

Gunn Tonning

Stirydding
Dugnadsgjengen Gravdalens
Gravdalens, Avdalselet

Rune Valsvik

Gravdalens, Svalheimselet

Bente Myrland

Gravdalens, Tronteigselet

Inga Jane Vie Karlsen

Olav Kjell Moen

Rune Valsvik

Mats Lindborg

Frank Øyre / Inge Seglem

Ole Magnar Nundal

Kristian Avdal Semstrøm

NN

Ole Magnar Nundal

Tom Røysi

Bjarte Krossøy

Magne Folven

Leiaren har ordet

Fysisk aktivitet gir glede og meistringskjensle, og det å delta i aktivitetar saman med andre skapar identitet, fellesskap og trivsel. Turlaget med alle dei aktive undergruppene bidreg sosialt, og fremmar folkehelse og livsmeistring positivt for mange.

Mykje av aktiviteten til Årdal turlag handlar om å skape tryggleik, og at alle finn ein stad å høyre til sosialt. Turlaget arrangerer turar og aktivitetar med fokus på trivsel, og at den som deltek skal føle seg trygg på turar med kvalifiserte turleiara.

Mange har vore på fleire av postane på Støls- og topptrimmen 2021-24, som vart avslutta i oktober. Vêrgudane spelte ikkje alltid på lag med oss når planlagde turar skulle gjennomførast. Noko som dei ti som drista seg til å vera med på den utsette jubileumsturen fekk oppleva, men turen enda godt.

Det ventar nye ulike turopplevelingar i 2025 - for store og små. Støls- og topptrimmen 2025-28 vil vera på plass og annonsert i løpet av våren 2025 med 20 nye ulike turmål. Det blir òg spennande å følgje Barnas turlag med på «Turbotrim og familietoppar».

Positivt at fleire deltok på kart- og kompasskurs og er klare for å finne fram i terrenget, men held ein seg til stiane som er merka er det godt gjort å gå seg vill. Den ivrige dugnadsgjengen har i år merka og rydda stiar på Seimsåsen, i Moadalen og heile vegen til Åsenosi via Engjesete. No kan du posere på kanten av den lokale «Vetle Trolltunga», eller kan du ta turen til Hellerihelleren på vegen til Vetti.



Stimerking til Åsenosi

Mykje kjekt har skjedd, og året har vore krydra med t.d. kanopadling, «Myldring på torget», turar med «tilflyttarar» og FTU som filmstjerner i «Alt for Årdal». 22.juni var det folkefest i Utladalen. Med talar, folkevandring og «huldredans» vart det feira at Vettisfossen har vore freda i 100 år.



På sosiale medium som FB og Instagram vil me få sjå den flotte naturen i Gravdalens, både sommar og vinter på film. Dersom de ynskjer å overnatte i ei av dei sjølvbetjent hyttene er det berre å booke på hyttebooking@dnt.no.



Gravdalen

Takk til alle som stiller opp for turlaget! Turlaget set stor pris på at fleire ynskjer å samarbeide med oss, og ikkje minst takk til de som støttar oss økonomisk.

På FB, i Årdals kalenderen og på <https://www.dnt.no/ardal> finn de oversikt over aktivitetar og turar som er planlagt i 2025.

Set deg dine eigne mål, og nå dei gjerne saman med andre.

Lykke til med eit aktivt, godt og sosialt turår i 2025!

Sonja S. Hestetun
Leiar Årdal turlag

Dugnadspolis

Utdelast årleg på årsmøte
Kandidat bestemmas av styret.
Diplom og gåvekort

Tonje Lund Tufte

Rekneskap 2024

INNTEKTER		I ÅR		I FJOR		
Medlemsinntekter	kr	20 750	kr	27 500		
Overføringer DNT	kr	244 246	kr	140 945		
Salg Kalendarar	kr	83 220	kr	67 232		
Salg/støtte turbok	kr	55 637	kr	69 164		
Inntekt Gravdalens	kr	16 163	kr	7 750		
Inntekt Støls og topptrim	kr	3 750	kr	1 200		
Inntekt Turavgift	kr	23 700	kr	5 855		
Inntekt kurs/arrangement	kr	31 293	kr	31 300		
Tilskot/støtte/fond	kr	166 900	kr	229 111		
Overføring Norsk Tipping	kr	9 714	kr	8 971		
Andre inntekter	kr	700	kr	700		
SUM INNTEKTER	kr	656 073	kr	589 728		
UTGIFTER						
Utgift kalender	kr	34 118	kr	24 800		
Utgift turbøker nærposter	kr	5 783	kr	5 092		
Utgift Gravdalens	kr	15 356	kr	131 091		
Utgift transport turar	kr	14 106	kr	2 240		
Utgift støls og topptrim	kr	-	kr	-		
Utgift arrangement	kr	155 458	kr	95 988		
Støtte til andre lag og organisasjonar	kr	8 500	kr	1 514		
Leie lokaler	kr	-	kr	10 000		
Kostnad inventar/utstyr	kr	29 159	kr	20 173		
Programvare årlig vedlikehold	kr	11 221	kr	8 409		
Kostnader klede/luer	kr	21 615	kr	48 552		
Rep.vedlikehald stiar/turområde	kr	88 346	kr	12 808		
Andre kostnader	kr	1 259	kr	496		
Trykksaker	kr	11 943	kr	10 822		
Kostnader kurs/møter	kr	24 692	kr	25 405		
Avsetning kostnader jub.fest 50år	kr	-	kr	1 441		
Porto	kr	950	kr	1 058		
Momskompensasjon DNT	kr	-	103 083	kr	-	21 079
Reklame/markedsføring	kr	15 000	kr	1 826		
Kostnad SF Turlag	kr	43 185	kr	38 514		
Gaver	kr	5 825	kr	4 741		
Forsikringspremie	kr	4 269	kr	4 066		
Utgifter Styremøte/årsmøte	kr	21 532	kr	22 535		
Bank og kortgebyrer	kr	2 676	kr	2 407		
Tilgang/bruk av fond	kr	-	20 549	kr	113 118	
SUM KOSTNADER	kr	391 361	kr	566 018		

Renteinntekt Indre Sogn Sparebank	kr	31 157	kr	13 840
SUM RENTEINNTEKTER	kr	31 157	kr	13 840
ÅRSRESULTAT	kr	295 869	kr	37 551
STATUS pr. 30.september				
Kundefordring	kr	-	kr	5 150
Medlemskonto	kr	139 088	kr	118 842
Brukskonto	kr	307 738	kr	624 938
Sparekonto	kr	1 189 653	kr	710 073
Konto fjellsportgruppa	kr	73 863	kr	69 018
Sum	kr	1 710 341	kr	1 528 021
Eigenkapital	kr	1 221 978	kr	1 184 427
Fond Årdal Turlag	kr	10 000	kr	70 000
Fond Turskilt	kr	-	kr	33 000
Fond Fjellsportgruppa	kr	53 873	kr	53 873
Fond FTU	kr	88 963	kr	105 180
Fond Barnas Turlag	kr	39 658	kr	43 990
Leverandørgjeld	kr	-	kr	-
Årets overskot/underskot	kr	295 869	kr	37 551
Eigenkapital 30 september	kr	1 710 341	kr	1 528 021

Øvre Årdal 05.11.2024

Bjørn Lindland
Bjørn Lindland
revisor
Hans Otto Tråi
Hans Otto Tråi
revisor

Sonja Hestetun
Sonja Hestetun
leiar
Sølvi Hatlevoll
Sølvi Hatlevoll
kasserar



MEDLEMMAR I ÅRDAL TURLAG

	2024	2023
DNT Medlem	343	337
DNT Barn/Ung 0-16år	55	47
Fjellsportgruppa	0	0
Årdal Turlag lokalt	83	110
<u>Totalt</u>	481	494

Hans Otto Tråi

Hans Otto Tråi

Bjørn Lindland

Bjørn Lindland

Turrapporar

Trugetur i Fardalen, 21. februar

Trugeturen gjekk denne gangen i Fardalen frå Høysete oppetter lia til "Fåra" i Åsetbakkane og nedatt same veg. 10 stykkjer var med.



Pause med litt mat og drikke før retur

Kristin

Rosendal, 21. april

Flott skitur i Offerdalsfjella! Me var sju stykker som la ut frå Bordhaugsvingen i Offerdalen mot Nystølen og vidare i retning Slettedalen. Ved Tverrelvi kryssa me elva og tok oss opp lia til ca 1000 moh. Med fint skiføre, strålande ver og triveleg selskap vart det ein fin tur utover til stølen Rosendall! Totalt gjekk me vel 20km og brukte 6,5t.



Lite med snø i starten



Nystølen



Flott turver!

Rune

Skihytta - Murane - Langedalen - Hyttedalsvatnet - Jervvatnet, 5. mai

Fin vårskitur i Fardalen! Me var fem stykkjer som starta frå Murane og gjekk inn Langedalen til Hyttedalsvatnet. Her hadde me ein god matpause med upåklageleg utsikt over tinderekka. Turen gjekk så vidare mot Jervvatnet før me rann fint nedatt mot Hestdalen og Lovardalsvatnet og via Korelvi tilbake til Langedalen og Murane. Totalt ca 4t gangtid og 15km. Dette er ein flott runde som fleire skulle ha vore med på!



Starten av Langedalen, like etter avgang frå Murane.



Etter ein god matpause ved Hyttedalsvatnet er me klare til neste etappe mot Jervvatnet.

Kristin

Markering freding av Vettisfossen, Hjelle - Hjelledalen - Vettismorki - Vetti - Hjelle, 22. juni

Det vart ein flott folkefest for å feire Vettisfossen freda i 100 år i heile Utladalen i år. 11 spreke turgåarar starta tidleg og gjekk opp Hjelldalen, for så å møta ein gjeng som gjekk via Vetti til Vettismorki.

Barnas turlag stilte med turgodt i Skåri, i tillegg hadde dei hengt opp quiz som passa heile familien langs Folkevegen. Torunn, Rigmor, Astrid og Ketil sørga for fin stemning fra første stund. Så gjekk det slag i slag med fantastisk flott huldredans etter trolsk musikk i vakker natur. Tale av ordføraren, Ingjerd og Erik Solheim i Vetti. Det heile toppa seg med Mathilde som spelte vakkert morgenstund av Grieg på klarinetten sin med jubilanten i bakgrunnen.



Heimre Hjelldalen



Morkaskaret



God rast ved nye DNT-selet på Vettismorki

Inga Jane og Tor-Erik

Stokkesetbandet, 9. juli

Finveret kom som bestilt og Austanbotntind stilte med nysnø på toppen! Me tre som tok turen til Stokkesetbandet i ettermiddag fekk ein flott tur i Fardalsfjella! Knapt to timer etter start frå Murane kunne me nyta nista og utsikten frå bandet. Takk for ein fin tur!



Stokkesetvatnet



På veg ned i Stokkesedalen. Målet er Stokkesetbandet i midten bak.



Nøgd turleiar på Stokkesetbandet

Kristin

Stødno - Lusahus - Berdalen - Høganos - Kvitingsmorki - Sagi, 20.juli

Det var ein god gjeng som la avgårde opp bakkane frå Stødno via Lusahus og Berdalen og opp på Høganos, godt guida av Mais. I strålende vær vart det godt og varmt oppover bakkane, og belønninga kom på toppen, med nydeleg utsikt i alle retningar. Etter ein god pause (i sydenvarme, til og med på 1500 moh) gjekk turen nedover mot Kvitingsmorki, og tilslutt ned til Sagi. Det vart ein kjempekjekk dag i fjellet, tusen takk for ein flott tur alle saman!



Stølen i Berdalen



Mange høgdemeter på denne turen



På veg ned fra Høganos



Kvitingsmorki



Godt nøgd turfølge endeleg ved Sagi

Ole Magnar, Cecilie, Tor-Erik og Kristin

**Jubileumstur, Spiterstulen-Leirvassbu-Gjendebu-Gjendesheim-Spiterstulen,
8. - 11. august**

Me kunne vel tenkt oss litt bedre ver på turen vår i Jotunheimen i helga, men med gode klede og godt humør var me ti stykkjer som la ut på tur torsdag føremiddag. Ruta gjekk frå Spiterstulen til Leirvassbu, vidare til Gjendebu og Glitterheim og tilbake til Spiterstulen på søndag, til saman nesten 60 km.



På veg frå Spiterstulen retning Leirvassbu



På turen mellom Leirvassbu og Gjendebu vart det både mykje regn og vind, karakterbyggande som enkelte kommenterte....



Veldig fint både på Gjendebu og Glitterheim



Ikkje langt att til endestopp for turen, Spiterstulen

Inga Jane, Martin, Kristin og Odd Einar

Skogsvatnet, 21. august

Det var 5 blide damer som møtte opp ved ungdomshuset på onsdag ettermiddag. Me kørde opp i Rausdalen og parkerte ved vassinntaket til Hydro.



Klare for tur

Været kunne ikkje vore betre, etter dagar med regn var det sol og nydeleg temperatur til å gå. Me rusla oppover på vestsida av elva. Litt blautt etter dagar med regn, men ikkje noko problem nokon stad. Såg også nokre molter, så me fekk ein liten smokebit av «fjellets gull». Nokre av damene var litt interessert i å prøva seg som turleiarar, og tok føringa oppover.

Etter ca. 1 time var me oppe ved hytta til ÅJFF, der me skreiv og inn i boka som ligg i postkassen. Dette er ein tur i Støls-/og topptrimmen 2022-2024.

Me tok ein halvtimes kaffipause og berre kosa og i finvêret med nydeleg utsikt og hyggeleg prat.



Pause og kos i finveret

På turen nedover att tok også damene føringa, så her har me nokre gode emne til framtidige turleiarar i laget. Håpar at dei melder seg på kurset som Turlaget skal ha i haust. Tusen takk for turen i eit nydeleg seinsommar vær.

Olav Kjell og Rune

Nordre Dyrhaugstind, 2. september


For ein start på September! Etter mykje om og men, nøye studier av værprognosar og rådgivning av erfarne fjellfolk bestemte me oss for å flytta turen til søndag og håpa på det beste. Søndagen kom og me var 12 glade vandrarar som satte kursen frå Ringsdalen og oppover mot Nordre Dyrhaugstind, og for ein dag det vart! Sol frå blå himmel og knappast eit vindpust å kjenna heile dagen. Ura var lang og bratt, men belønninga fekk me på toppen. Sol, blå himmel og fritt utsyn mot samlede topptoppar rundt og vatn under oss, ja Dyrhaug, i dag var du fin! Ein perfekt dag i fjellet saman med kjekke folk - det blir berre ikkje betre. Tusen takk for ein fantastisk fin tur alle sammen!



Innover Ringsdalen



*Oppover langs Dyrhaugsryggen,
Solebotntind og Store Ringstind i bakgrunn*



*Austabotntind, Store Ringstind og Soleiebotntind
Cecilie og Tor-Erik*

Årsmelding, Årdal FTU 2024



I 2024 hadde FTU sju turar/aktivitetar våren og skal ha fire turar/aktivitetar før jul. Etter å ha gjort oss ein del erfaringar dei siste åra, har me landa på eit par faste turar/arrangement, og så prøver me å teste ut nye samarbeid og nye turar i tillegg. Dette året har me igjen fått økonomisk støtte frå Årdal Kjemiske fagforeining (15 000,-), og me har fått støtte frå gåvefondet til Årdal Boligbyggelag (10 000,-), og ikkje minst frå ÅTIL (50 000,-). Det set me enormt stor pris på, og det er heilt avgjerande for at me skal kunne lage til spennande og trygge aktivitetar for alle som er med oss på FTU-turar. Det hadde for eksempel ikkje vore mogleg å tenke seg padling utan å leige inn Bulder og Brak til å ta ansvaret og stå for alt av utstyr. Då må me ha nokon «økonomiske musklar».

Den mørke tida kan vera litt vanskeleg for oss då mykje av turterrenget me nyttar, er vanskelegare å ferdast i for FTU'arane både på grunn av snø og is, men også på grunn av lite lys. Då må me vere kreative, og i januar i fjor starta me eit samarbeid med SOK, der me fekk kome i teknologiparken og prøve ut spennande teknologi som var tilrettelagt for målgruppa vår. Dette starta me året med også i 2024. Dei flinke tilsette på SOK losa oss gjennom enkel programmering og alle opplevde å få det til på sitt nivå. Dette var veldig spennande og skikkeleg stas.

I februar var det tur ute att. Då var me for fyrste gong i Fardalen. Med svært god hjelp frå skigruppa i IL Jotun, vart det ein strålende dag. Det var køyrt opp flotte løyper og sett ut mange ulike hinder og aktivitetar til oss. Me grilla, og alle som ville fekk kører opptil fleire rundar på scooteren. Kjekt å sjå at det går an ha det kjekt på «vinterføre» for alle saman.

I 2023 hadde me ein svært vellukka aktivitetsdag i Tangenhallen. Me hadde derfor lyst til å gjere noko liknande også i år. Då var det veldig kjekt å få med turngruppa i IL Jotun på laget, slik at me kunne arrangere aktivitets- og turndag ein søndag i Årdalshallen. Der vart det dansing, aktivitet på airtrack, og litt innebandy for dei som ville det. Turngruppa stilte med mange instruktørar slik at alle fekk god hjelp, og me fekk også ei skikkeleg framsyning frå dei unge turnarane. Ein veldig bra dag!

I april gjekk me tur til Timbersletta, der dei nett var ferdige med å pusse opp den flotte låven. Vel framme fekk me grilla, me hadde dyrequiz, og så kom jammen russen og var med oss i år og. Dei stilte opp på både tautrekking og kubb

og var med på dyrequizen. Dette var kjempemoro og veldig populært! Me må nok
be dei med oss neste år og.

I mai arrangerte me, i år som i fjar, friidretts-dag i samarbeid med
friidrettsgruppa i Jotun. Veldig mange tok turen på stadion i år og, og
gjennomførte både 60-meter, lengde og liten ball med engasjement og
fantastisk innsats. Også i år fekk me også engasjert spelarane på Årdal FK til
ein uformell fotballkamp som avslutning på dagen. Denne fotballkampen er eit av
årets høgdepunkt. Det er skikkeleg stas at ÅFK-spelarane stiller opp.

I juni var det som vanleg bankett for å markere slutten på FTU-året, og for å
gjere litt stas på dei som er med oss på tur. Det skjer ikkje så alt for mykje for
denne gruppa i kommunen, så denne banketten er eit fint og sosialt tiltak. Me
flotta oss litt i år og bestilte god mat på Klingenberg Hotel og hyra inn Joacim
Styve og Thomas Nordheim Moen til å spele for oss. Gjet om det vart dansing!
Me reiste gjennomsveitte og fornøgde heimatt seint ute på kvelden.

Etter sommarferien var det tid for den faste padlinga med Bulder og Brak.
Mange hadde fått prøvd seg i kajakken fleire gonger før no og er blitt skikkeleg
tøffe. Det var utruleg kjekt. Det var trygt og godt å ha Bulder og Brak som
ansvarlege arrangørar. Torunn Laberg har utdanning i å legge til rette padling
for funksjonshemma og hadde som vanleg laga til eit kjempeflott opplegg. Dette
håpar me verkeleg at me kan gjenta kvart einaste år.

Turen i september vart gateorientering med appen «Fotspor» Då heldt me oss i
området rundt skulane på Farnes og fann digitale postar med ulike spørsmål. Alle
var utruleg flinke, både til å finne postar, og til å svare på spørsmål. Etterpå var
det aktivitetar inne på Årdal vidaregåande skule. Me dansa mellom anna FTU-
dansen me har laga, og hadde elles andre aktivitetar til musikk og t.d. bowling-
konkurranse. Det vart servert ostesmørbrød som «turmat». Det er alltid veldig
populært.

Dette er så langt som me er komne i 2024, men i oktober er det planlagt tur til
ridesenteret i Seimsdalen. Dette gjorde me også i fjar og hadde det så kjekt at
me gjerne ville gjenta suksessen. Me går då frå parkeringa ved Strondi og opp
til ridesenteret. Der oppe får alle høve til å stella hest, og me har aktivitetar
nede i ridehallen. I år blir denne turen på sjølvaste Halloween, så da må
serveringa bere preg av det. Ser ut til at det er sjansar for å få både
flaggermus,- og edderkoppmuffins.

I slutten av november kjem me til å ta opp att suksessen frå tidlegare år då me har arrangerte graut-tur og juleavslutning framme på Timbersletta i låven hjå Magne Nordgulen og Laura Brons. Dei fleste går då fram frå Svalheim og så står grauten klar på låven når dei har gått turen. Vidare blir det eit lite julelotteri, og truleg kjem nissen med godteposar i sekken. På førehand tusen takk til Magne og Laura for at me får bruka låven! Dette er ei fantastisk juleavslutning for oss!

Alt i at er me godt fornøgde med oppmøtet og arrangementa som har vore. Me prøver å ha variert og tilpassa innhald og kosar oss verkeleg! Me ser også at me har fått mange følgjarar på Facebook, så det er ikkje lenger berre FTU'arar som kjenner til arrangementa våre. Det tykkjer me er skikkeleg stas. Viss ein er interessert i å sjå biletet frå turane våre, så er det berre å følgje oss på FB.

Frå styret:

Trine Hestetun Danielsen, Nina Framstad-Helle, Line Hillestad og Nina Jevnaker



Gravdalen 2024

Vintermøte i dugnadsteamet var halde 23. - 25.februar. Det er mykje snø i år, og me måka litt av taki. Me kom opp i måneskin fredag kveld. Gjekk innover dalen mot Gravdalsvatnet laurdag, vaska opp og rydda søndag, og sjølvsagt kosa oss med god mat og planlegging av sesongen om kveldane. Denne vinterturen til Gravdalen i fullmåne, har vorte ein fin tradisjon, som me har tenkt å halde fram med.



Det har vore to store dugnadshelgar i år, og med god deltaking. Slått i august, og ved-dugnad i oktober. På slåttedugnaden, 30.aug. - 01.sept, var me 6 personar, so arbeidet gjekk godt unna. Fint vær laurdag gjorde det triveleg å arbeide, og det blei høve til bålfyring og grilling om kvelden.

Ved-dugnaden, 04. - 06. oktober hadde 11 deltagarar. Det var därlege værmeldingar for laurdagen, men det stoppa ikkje oss. Men bålkos ute vart det berre fredags kvelden, då me sat ute nesten til midnatt. Med so god deltaking, gjekk arbeidet laurdag som ein leik, og me fekk tid til litt arbeid med bruа. Stokkane blei løfta litt, og sikra til fjell med wire. So no håpar me at dei ikkje blir tekne av elva igjen. Flakane på bruа la me inn på land for vinteren. Måltida laurdag måtte nyttast inne, og me dekka på til alle inne i Svalheimsselet, både til lønsj og middag på laurdagen. Og i Svalheimsselet vart me sittande, etter middag, til det var tid for å legga seg. Med eit ekstra bord og to ekstra benker var det koseleg å sitte samla der. I år fekk me også besök av to turistar, frå Nederland og Tyskland, som kom opp seint laurdag kveld. Sidan me var 11 frå før, måtte ein ligge på madrass på golvet.

Denne sesongen, har «bookinga» gått via DNT og Årdal Turlag si heimeside. Dette ser ut til å fungere bra, men også i år blir det dokumentert meir besök i

hyttebøkene enn i bookingsystemet. Nokre legg igjen pengar, til og med også svenske pengar, i postkassane, men dette blir det (heldigvis) mindre og mindre av. Me ønskjer at mest mogeleg av besøka går via bookingsystemet, og betalingane likeeins. Inkludert dugnadane blei det i alt 132 registrerte overnattingar. Ein liten oppgang frå i fjor, til tross for mykje dårlig vær. Vedforbruket har vore mindre enn normalt sjølv om besøket aukar. Dette skuldast nok lite bålfyring ute på grunn av dårlig vær.


Gravdalen hadde besøk av eit «Vandreseminar» med 25 deltagarar 14.september i år. Tema var villrein og ferdsel i fjellet. Det var interessant å reflektere over kva innverknad ferdsel i Gravdalen kan ha på villreinstammen. Mats og Odd Einar serverte rømmegrøt, spekemat og flatbrød til heile følgjet.

Gravdalen er eit turmål, som blir meir og meir brukt, både av lokale trimmarar og langvegsfarande fjellfolk. Mykje positive tilbakemeldingar i hyttebøkene, og det kjem tydeleg fram, at å få oppleve Utladalen (og Årdal) på denne måten, med slike overnattingstilbod, har stor verdi for mange. Og dermed også for Årdal sitt omdøme.

Nokre av oss har også hatt ein del snarturar opp med stearinlys, dopapir, bensin, reine handdukar, sengeklede, lampeolje, gass, rømmegrøt og andre småting til drift. Det er bokført 304 dugnadstimar i år. Dugnadsgjengen er trufast og aukande. Me likar svært godt at folk tek kontakt og vil vera med.



Litt statistikk til slutt:



For tilsynsfolki på Gravdalen,
Ole Magnar Nundal

Årdal Mosjonsskule, årsmelding 2023/2024

Samarbeidsavtalen med Årdal Turlag seier noko om føremålet med Mosjonsskulen

1. Drive eit trimopplegg med låg terskel for å delta
2. Skape eit lystbetont opplegg, med stor vekt på det sosiale
3. Drive målretta arbeid for å få «nullmosjonistar» til å ta vare på eiga helse
4. Drive rekruttering for Årdal Turlag



Dårleg ver ingen hindring, på med regntøy og ut å gå!

Aktivitet og sosiale tiltak

Me har hatt trening kvar mandag og onsdag frå 4 september 2023 og fram t.o.m 10 april 2024. Me pleier og avslutte treningssesongen rett før påske. Då denne var tidleg i år, hadde me to treningskveldar etter påske og. Treningsopplegget har vore som tidlegare sesongar. Oppvarming ute med $\frac{1}{2}$ times valgfri tur, for deretter å møte i gymsalen for ei god treningsøkt. Veret har vore ymse, men ingen hindring for oss.



Oppvarmingstur før trening.

Me har hatt to sosiale samlingar

Onsdag 6.desember - 23 hadde me avslutning før jul. Då møttest me på Samhold til nydeleg julemiddag og hyggeleg samvær.

Onsdag 10.april - 24 hadde me sesongavsluttnng. Då vart me invitert til Irene på Hjelle Gard. Me bestilte pizza og bakte kaker. Det var god påmelding til denne kvelden, og praten gjekk godt rundt om i dei tre stovene på garden.



Vertinna sjekkar at alt er som det skal på pizzabordet



Dei tre trufaste mannlege medlemmane vår, i triveleg prat rundt bordet



Me takka Irene for at ho opna huset for oss, og me hadde ein kjempefin kveld.

Medlemstal/Rekruttering

Alderssamsetninga vår denne sesongen er frå midten av 50 åra og til over 80 år. Nokre har vore ute av ulike årsaker, men vil komme tilbake. Medlemstalet har vore 30 stk, men med varierande oppmøte på treningane. Dette ser me kvar sesong, at det er ulikt oppmøte. Me er likevel nøgde når me samlar frå 15 til over 20 stk på dei ulike treningane. Det er ein stabil gjeng, som møter opp igjen, år etter år. Me oppmodar medlemmane om å få med nye på trening, og me i styret har alltid medlemstalet som tema på styremøta våre. Me ynskjer at Mosjonsskulen skal bestå, og prøver derfor å rekruttera fleire, og legga til rette slik at alle skal trivast og ha lyst å møta på trening.

Trenarkabal

Då Bjørg sa frå seg trenarjobben ved avsluttinga på vårsesongen 2023, hadde me ein jobb å gjere med å skaffe ny trenar. Me hadde ekstra styremøte, der ulike namn hamna på blokka. Me ringde rundt til desse, men med lite resultat. Men i august hadde me napp på eit namn, og starta haustsesongen med to trenrarar, med ansvar for kvar sin dag. Dette gjekk fint ein periode, men av ulike årsakar måtte ny trenar trekke seg. Då tilbaud Irene seg å ta begge treningsdagane ut sesongen. Dette var supert for oss, då me stod i fare for å måtta gå ned til berre ein treningskveld i veka. Tidlegare trenar, Bjørg, sa seg og villig til å steppa inn for Irene, dersom det vart behov for det.

Styret i Mosjonsskulen 2023/2024

Styret har avhelde 4 styremøter i denne perioden

Jorunn Haug Johansen	leiar
Oddrun Fredheim	kasserar
Irene Ruud	trenar
Norvald Osland	styremedlem
Tone Aas	varamedlem

Oddrun Fredheim gav melding ved sesongslutt at ho ville gi seg som kasserar.



MOSJONSSKULEN

REKNESKAP 2023/2024

RESULTATREKNESKAP	2023/24	Note	2022/23
Inntekter:			
Medlemskontingent	38 350,00	1	35 100,00
Andre inntekter / Kulturmidlar	870,00	2	1 050,00
Gebyrer og renter	158,00		-
SUM INNTEKTER	39 378,00		36 150,00
Utgifter:			
Kontor / møte utgifter	70,00		109,80
Premiering / gåver	607,90		389,00
Trenarutgifter	17 311,50		18 000,00
Hall-leige	10 000,00		7 200,00
Tilstellingar	2 712,50		209,40
Gebyrer	275,00		-
Diverse	3 940,00		169,80
SUM UTGIFTER	34 916,90		26 078,00
DRIFTSRESULTAT	4 461,10		10 072,00

Status PR. 30.09.	2024	Note	2023
Eigendeler:			
Bankinnskudd, driftskonto	74 397,03		69 935,93
Utestående krav	0,00		0,00
SUM EIGENDELER	74 397,03		69 935,93
Gjeld og eigenkapital:			
Eigenkapital 01.10.	69 935,93		
Overskot / Underskot	4 461,10		10 072,00
Eigenkapital 01.10.	74 397,03		10 072,00

Øvre Årdal 01.10.2024

Hans Otto Tråi
Hans Otto Tråi
Revisor

Bjørn Lindland
Bjørn Lindland
Revisor



Mosjonsskulen

Notatar til rekneskapet 2023/234

Note nr. 1 Medlemskontingnt :

Antal medlemmer = 29 x 1300	kr	37 700,00
1 medlem halv kontingen 650.-	kr	650,00

Note nr. 2 Grunnstønad Årdal Kommune

kr	870,00
----	--------

Årdal Gålag, tursesong 18 - 2024

Det kom inn 30 forslag til tursesongen og vi sette opp 25 turar i programmet. Av desse var det ein som vart avlyst pga. vegstenging, men så hadde vi ein ekstratur til Vik og båttur langst sørsida av Sognefjorden.

Tursesongen starta med fint ver, men etter ferien endra dette seg. Vi måtte endra dag på 11 turar pga. veret og vegstenging. Vi starta med kveldstur til skihyttene våre i februar og mars. På desse to turane deltok det 49 personar. Dei turane som hadde flest deltakarar var rundturen i Vikadalen med 62 og turen til Vik som hadde 59 deltakarar. Til saman vart turantalet i år 781 som gjev eit snitt på 31, og etter 18 år er det totale antalet 14 309.

Ein ny og historisk tur var turen til Harastølen. Å koma opp til denne kjempestore bygningen som ligg langt oppi fjellsida vel 500 moh. var svært spesielt. Berre å gå rundt og tenkja på alle frå heile landet som var her i dei 56 åra bygningen var sanatorium og seinare asylsjukehus. Etter turen hadde vi middag på Gaupnetunet. Vi hadde og middag på Eikum etter turen på Molden der vi vart vitne til ein trist hendelse. Ei ung mor som var på tur med dotter si fekk hjertestans og døde.



Fra Harastølen

Ein annan flott tur var turen frå Vik med båt langs dei veglause strendene på sørsida av Sognefjorden. I fjar gjekk vi i land i Vollevik, men i år fylgte vi båten til Alrek som er den vestlegaste garden i Vik kommune. Stor takk til Vidar Lægreid som var med oss.

I mai fekk eg vera med Turlaget på eit møte i Sogndal og fortelja om Gålaget vårt. På møtet deltok generalsekretæren i DNT og turlaga i Indre Sogn. Vi søkte i år og om tilskot frå «Aktiv i 100» som DNT hadde ansvar for, men det var slutt med dette i år. Tidlegare har vi fått 15 000 årleg.

Dagsturhytta har godt med besøk, til og med nokre utlendingar som overnatta der. Ikkje alle skriv seg inn i turboka så det totale antalet veit vi ikkje. Åbo skal vi besøka i slutten av oktober. Her visar vi film frå turane våre, serverar kaffi og blautkake og har song og musikk. Dette set bebuarane stor pris på.

I år starta Luster sitt Gålag som vart svært populært og at dei ville ha Årdal Gålag som mal er vi svært krye av.

Til slutt vil eg takka alle turleiarar og kjentfolk og ikkje minst den flotte turgjengen for alle fine turminner som dei har delt med meg i år.

Gunvor



Barnas Turlag



Årsrapport 2024

Barnas Turlag består av:

Lene Haglund

Tonje Lund Tufte

Lena Nyheim Igari

Mona Holmefjord

Astrid Øvstetun

Nok eit turår er gått. Me tar med oss nye erfaringar fra året og ser fram til gjentakande og nye turar i 2025. Med oss i haust har me fått med oss Lene Haglund, Anne Mikalsen Steinheim valte å gi seg.

Me vil starte med å takke sponsorane våre, me har fleire som bidreg med litt ekstra artiklar på turane våre. Kiwi som sponsar oss med det me treng av mat, drikke, tursjokolade, frukt og andre artiklar som flasker, sitteunderlag, grillspyd og refleks. Europris har sponsa med koppar, fat, bestikk og juleposar. Sparebanken Sogn og fjordane som sponsa medaljar til Barnas løp, Årdal energi og Årdalsnett som sponsa trekppremiar denne dagen.

Utedisko på Ytre Moa 6 november.

Utrulig kjekt at så mange tok turen på Utedisko på mandag, me hadde ikkje sjans til å telje alle 😊 Dei aller fleste tok runden rundt Ytre Moa i quizløypa og ungane kunne danse og koste seg rundt gapahuken 😊



Nissetrim 19 november

Her nokon glimt fra Nissetrimturen vår 28 november😊 i år blei den arrangert ved vatnet da fjøsen på Timmersletti var under oppussing.

50 barn med føresette var med på lommelykttur langs moloen ved vatnet og løyste julequiz. Me avslutta med graut, saft og gløgg i jotunhuset😊 Fem mandlar vart og funne, og premiar vart delt ut😊

Turbo stilte som nisse og delte ut juleposar🎅🎄



Vinterens KDU- dag. Akedag ved Seimsåsens aktivitetssenter 9 februar.

Rundt 15 stk tok turen denna vindfulle dagen. Det var aking i akebakken og skigåing for dei som ville det 😊 Me fyrde opp i grillbua, og her kunne ein grille og varme seg.



Barnas løp i Skåri 26 mai.

Under årets Vettisløp arrangerte Barnas turlag barneløpet, her deltok over 60 ivrige og raske barn. Etter løpet vart det delt ut premier, frukt og drikke til alle. Eit kjekt løp som me har fått ansvar for neste år og.



Padling i kajakk saman med Bulder og Brak opplevingar, 28 mai.

Rundt 70 stk møtte opp ved moloen denne fine maidagen. Her fekk store og små prøva seg i kajakk. Nokre gikk tur langs vatnet medan andre stod spent å venta på sin tur.



Folkefest for Vettisfossen 22 juni

Barnas turlag lagde og hengde opp quiz langs vegen fram til Vetti. Barnas turlag sto på stand i Skåri kl 10.00-12.00. Her kunne barna få med seg svarark og litt turgodt på vegen😊

Årdalsmarknaden 29 juni.

Barnas turlag sto på stand i lag med Årdal Turlag og FTU. Me introduserte Turbotrim og familietoppar, her meldte 37 stk seg på.



Inspirert av støls- og topptrim og fine innspel frå foreldre laga me til ein versjon for barnas turlag😊

Skjema får ein kjøpt for 50kr på Sporten i Øvre.

Me valgte turar med ulik vanskegrad og turlengde, 16 turpostar.

Deltakerpremie til alle som deltar, og ekstra premiering på 10 og 15 postar😊

Me vil avslutta med ei tilstelning og utdeling av premiar neste år.

Pr. no er det over 60 påmeldte.

Kulturfestivalen

Barnas turlag bidrog med aktivitetar ved gamle kraftstasjonen 21 september. Det var godt oppmøte, her kunne barna få prøve frisbeegolf, lage barkebåt, lage pinnebrød, gå ei lita naturløype og løyse naturbingo.



- Barnas Turlag



Styret 2024

Daniel Andersen Åmås
David Andersen Åmås
Eirik Hjertenæs
Brita Erica Duwe
Ingrid Andersen Eidsvaag
Mats Lindborg
Kristian Larsen
Martin Walderhaug (leder)

Aktiviteter 2024

I år har vi dessverre avlyst flere planlagte arrangement på grunn av få påmeldinger. Dette gjaldt både intro til vinterovernatting og topptur på ski, skisamling i Gravdalen, vårskisamling i Valldal og fjellsportsamlingen på høsten. Vårt bidrag til årets Politikameratene-arrangement utgikk også, da arrangøren valgte å avlyse posten på Hagaberg grunnet dårlig vær under gjennomføringen.

Skredkveld

28. november 2023

Som et samarbeid mellom DNT, snøskredvarslingen Varsom, Fri Flyt og CARE ved UiT ble det arrangert skredkvelder rundt om i hele landet i løpet av samme uke i november. Vi gjentok suksessen fra i fjor i Årdal også, og Leif Øyyvind Solemsli holdt nok en gang et spennende foredrag i auditoriet til Årdal Teknologipark. Ca. femti fremmøtte fikk påfyll av livsviktig kunnskap for å ferdes trygt på tur i vinterfjellet.

NF grunnkurs skred alpint

18.-21. januar 2024

I løpet av en langhelg fikk seks deltagere på fullbooket kurs en solid innføring i kunnskap og metoder for å ferdes tryggere på tur blant snødekte fjell. Tema som turplanlegging, ulike skredproblemer, sporvalg og terrengvurderinger, kameratredning, ferdelsmønster, faretegn og snøkjennskap ble gjennomgått.

NF videregående skredkurs alpint

Februar

Kurset bygger videre på kunnskapen fra grunnkurs, og her fikk 3 deltagere fordypet seg ekstra i temaer som er viktige å ha med seg for å ferdes trygt når man oppsøker fantastiske opplevelser og skiglede i vinterfjellet. Kurset ble gjennomført som en modulbasert variant over flere kvelder og en helg.

Kurs i sportsklatring

25.-26. mai

Over to dager fikk fire deltagere lære alt man trenger for å klatre på boltesikrede ruter utendørs. Feltene Plommehagen og Gulveggen på Kvam i Sogndal fikk besøk. Kurset ble arrangert i samarbeid med Årdal Klatrekubb.

Fjellsportpils

Vi har gjennomført flere fjellsportpils i løpet av året, der vi har vært mange fjellsport- og friluftsliv-interesserte som har møttes på Tya eller Klingenberg og hatt trivelige kvelder med prat og noe godt i glasset.

STIFTINGA AVDAL GARD



ÅRSMELDING 2024

2024 vart ein bra sesong. Sjølv om veret stort sett var betre i år samanlikna med fjoråret, var det nok ein del som vegra seg for å ta turen på seinsommaren da det var mykje blautt. Det danske paret Inger Lassen og Joakim Ljungdahl hadde sin andre runde her som fast tilsette og det er sjølvsagt greitt å ta med seg erfaringa frå tidlegare. Dei har fleire idear på korleis Avdalen kan gjerast enda meir attraktiv og me ser alle fram til at dei er med neste år også.

Opningstida har som elles vore frå midten av juni til midten av september. Totalt har det vore i overkant av 600 overnattingar. For at økonomien skal gå i pluss må det sørge for enda fleire besökande og gjerne at private eller lag/organisasjonar bestiller arrangement her.

Politikameratane med konfirmantkulla frå både Årdal, Lærdal og Aurland har som vanleg vore hos oss, noko som er blitt ein tradisjon. Det er Årdal Tenk Tryggleik som er arrangør og vi har eit godt samarbeid som bidreg til at vi alle er nøgde med gjennomføringa i Avdalen.

Som vanleg har vi hatt sauер frå Ofredalen. Dyra gjer god beitejobb på innmarka og passar godt inn i landskapet. Det vart ikkje høner i år. Det er fleire orsakar til dette, både at ein ikkje har lov frå Mattilsynet å servere egg herifrå, det tiltrekks mykje fluger og me har sett nytta av å kunne bruke dette bygget for gjestar.

Fjøsbluesen blei gjennomført laurdag 22.juni med godt besøk. Den faste dugnadsgjengen er oppgående og gjer ein fantastisk jobb. Desse gjer alt av vedlikehald av husa og anna utstyr. Hausttakkefesten med ved-dugnad og rakfisk vart i år laurdag 09.11.

Dette året var det sett eit nytt styre, noko som på ingen måte er daglegdags - heldigvis. Det nye styret er følgande; Magne Folven, Gunn Cecilie Avdal Semstrøm, Kristin Hestetun, Veronika Næss og Odd Einar Frosta

Odd Einar Frosta
- leiar -

STIFTINGA AVDAL GARD Postboks 28 6882 Øvre Årdal
Org.nr. : 985858934 Tlf. : 94 57 08 29 Bankkonto: 3730 20.27391